

OVEREINSKOMST DEL B MELLOM
RØDE KORS HAUGLAND REHABILITERINGSSENTER
OG
NORSK SJUKEPLEIARFORBUND
FOR PERIODEN 01.04.2024 – 31.03.2026

Viser til innleiande sentrale forhandlingar mellom Spekter og UNIO den 10.04.24. I tillegg gjeld fylgjande:

1 VIRKNING, OMFANG OG VARIGHEIT

Overeinskomsten gjeld alle tilsette som er organisert i Norsk Sjukepleiarforbund og som har eit forpliktande arbeidsforhald til bedrifta.

Overeinskomsten gjeld frå 01.04.2024 til og med 31.03.2026.

Overeinskomsten omfattar ikkje leiarar i særskilt uavhengig stilling.

2 TILSETTING OG OPPSEIING

Tilsetting og oppseiing skal skje skriftleg.

For tilsette gjeld som hovudregel ein gjensidig oppseiingsfrist på 3 månadar. For tilsette med prøvetid på 6 månadar gjeld ein gjensidig oppseiingsfrist på 1 månad i prøveperioden. For vikariat og mellombels tilsettingar av inntil 6 månaders varigheit gjeld ein gjensidig oppseiingsfrist på 1 månad.

Alle oppseiingsfristar nemnt ovanfor skal reknast frå den 1. i månaden etter oppseiingstidspunktet.

3 ARBEIDSTID

3.1 Definisjon

Med arbeidstid vert det meint den tida tilsette etter lov og avtale står til disposisjon for arbeidsgjevar.

3.2 Ordinær arbeidstid - gjennomsnittsberekning

Ordinær arbeidstid kan gjennomsnittsbereknast jfr. AML § 10-5.

3.2.1

Ordinær arbeidstid er 37,5 timar

Den ordinære arbeidstid skal ikkje overstige gjennomsnittleg 37,5 timer pr veke, jmf Aml §10-4.

Ordinær arbeidstid 35,5 timar.

Den ordinære arbeidstid skal ikkje overstige gjennomsnittleg 35,5 timar pr veke i fylgjande tilfelle (jmf Aml 10-4 (4));

1. I turnusordningar der ordinært arbeid må utførast mellom kl. 20.00 og 06.00 og/eller minst kvar 3. søndag

2. Ved døgnkontinuerlig skiftarbeid

Ordinær arbeidstid 33,6 timer *

Den ordinære arbeidstid skal ikkje overstige gjennomsnittleg 33,6 timar per veke for heilkontinuerleg skiftarbeid eller i samanliknbare turnusordningar som oppfyller vilkåra etter Aml § 10-4 (4).

* Ordinær arbeidstid 33,6 timar er ei personleg ordning og er gjeldande for tilsette pr. 16.01.2019

3.3. Deltid/fortrinnsrett

Det skal som hovudregel tilsettast i 100 % stilling med mindre arbeidsgjevar vurderer at det er behov for deltidstilsetting.

Arbeidsgjevar skal generelt informere og drøfte bruk av deltidsstillingar med dei tillitsvalde.

Dei lokale partar skal drøfte og utarbeide retningslinjer for bruk av deltidsstillingar.

3.4 Kurs

Dersom tilsett er på kurs på sin F1 eller F2 dag i turnus, skal tilsett få igjen fridagen en annan arbeidsdag. Kurset må være relevant for bedrifta og bli innvilga av arbeidsgjevar. Dette inkluderer tillitsvalt- kurs. Arbeidsgjevar styrer når det er høveleg å ta ut fridagen, men tilstreber at den blir tatt ut innan 1 mnd.

3.5 Overgang til vintertid

Tilsett som jobbar natt den natta der klokka nasjonalt vert stilt frå sommartid til vintertid kan skrive den ekstra timen til avspasering..

4 LØNNSBESTEMMELSER

Lønnsforhandlingar

Forhandlingar om lønnstillegg vert gjennomført i henhald til forhandlingsmodellen mellom Spekter og Unio/Akademikerne/LO

Før dei årlege lokale forhandlingane startar, skal det gjennomførast eit førebuande møte mellom partane. I møtet skal ein gjennomgå forhandlingsgrunnlaget og lønnsstatistikk

Partane lokalt skal drøfte størrelse på ramme, samt fordeling av ramme mellom generelle, gruppe- og individuelle tillegg.

Tilsette skal i lokale lønnsoppgjer sikrast ein lønnsvekst dersom dette er forenleg med kriteria i del-A mellom Spekter og Unio

4.1 Generelt

Lønn er fast lønn, faste årlege tillegg samt lønsmessige tillegg etter oppsett arbeidsplan.

Årslønn er den enkelte si faste avtalte lønn. Månadslønn er fast årslønn dividert med 12. Med timelønn meiner ein fast årslønn utan nokon lønsmessige tillegg utrekna etter fylgjande divisor:

- 37,5 timars veke: 1950 timar pr. år
- 35,5 timars veke: 1846 timar pr. år
- 33,6 timars veke: 1747 timar pr. år

4.2 Ansiennitet

Lønnsansiennitet vert fastsett ved tilsetting etter fylgjande reglar;

- Lønnsansiennitet vert rekna frå tidlegast 18 år
- Ansiennitetsdato vert sett til den 1. i tilsettingsmånaden.

Som ansiennitet gjeld:

- Relevant yrkeserfaring
- Verneplikt
- Omsorgsarbeid i heimen vert godskrive med inntil 3 år.

Det vert ikkje gjeve lønnsansiennitet etter fleire bestemmingar for same tidsrom

Fylgjande permisjonar bryt ikkje oppteninga av lønnsansiennitet:

- Permisjon med heil eller delvis løn
- Lovfesta permisjon ved fødsel og adopsjon

4.3 Minstelønnsgaranti

Fylgjande vert gjort gjeldande som minstelønssatsar for autoriserte sjukepleiarar:

Stillingsgrupper	0 år	4 år	8 år	10 år
Sjukepleiar	485 000	505 000	532 000	585 000
Stilling med krav som spesialsjukepleiar	515 000	545 000	575 000	610 000
Stillinger med krav om mastergrad	600 000	620 000	635 000	650 000

Minstelønnsgarantien vert gjort gjeldande frå 01.04.24.

4.4 Spesialsjukepleiar og stilling med krav om Mastergrad

Lønn som spesialsjukepleiar og stilling med Mastergrad vert gjeve ut frå RKHR sitt behov for denne spesialkompetansen.

Signert protokoll frå 2023 med kriterie for plassering i stillingsgruppe med krav om spesialkompetanse og mastergrad er tilgjengeleg i RKHR sitt elektroniske kvalitetssystem (Netpower).

4.5 Godtgjersle for særskilt arbeidstid.

Laurdag – og søndagstillegg;

Ordinert arbeid mellom kl.00.00 lørdag og kl.24.00 søndag vert kompensert med eit tillegg på 26 % av timelønn pr. time med utgangspunkt i 1846 timer pr. år.

Kvelds og nattillegg;

Føresetnad for å få utbetalt tillegget er at den tilsette arbeider etter skift og/eller turnusplan. Gjeld for arbeid utført mellom kl. 17.00 og kl. 07.00. For kveld- og nattarbeid vert det kompensert med eit tillegg på 28% av timelønn pr. time med utgangspunkt i 1846 timer pr. år.

Helg/høgtidstillegg.

For ordinært arbeid mellom kl.00.00 og kl.24.00 på helge og høgtidsdagar, på påskeaftan samt for arbeid mellom kl.12.00 og kl.24.00 onsdag før skjærtorsdag, pinse, jul og nyttårsaftan, vert det betalt tillegg på 1 1/3 timelønn per arbeida time.

Arbeidstakarar med ordinær dagararbeidstid sluttar arbeidet, utan trekk i lønn, kl 12.00 onsdag før skjærtorsdag, pinse-, jul- og nyttårsaftan.

Etter at spørsmålet er drøfta mellom partane i bedrifta, kan det i staden for godtgjersle etter dette punkt heilt eller delvis gjevast 1 1/3 time fri pr arbeida time. Slik fritid skal ikkje leggst til dei tider/dagar som er nemnt under dette punkt og skal forøvrig gjevast innan 1 månad dersom ikkje partane vert einige om noko anna.

Betalingsbestemmingar: Beordra teneste på nemnte dagar vert godtgjort i henhold til pkt.5.2.1. Dette punktet gjeld også for deltidstilsette.

4.6 Prinsipp for lokal lønnsfastsetting

Før B-dels forhandlingane skal det haldast eit førebuande møte mellom partane.

I B-dels forhandlingane kan det forhandlast om eventuelle endringar i minstelønnsгарantien, generelle eller gruppevis tillegg, samt størrelsen på den økonomiske ramma.

Ved forhandling av individuelle tillegg, er fylgjande kriterie retningsgjevande:

- Behov for å behalde kompetanse som er viktig for bedrifta
- Relevante vidareutdanningar
- Engasjement, initiativ og vilje til å ta ansvar
- Løysingsorientert
- Fleksibel og endringsdyktig
- Intern ansiennitet
- Skeivheiter
- Kunnskapsdeling internt

Alle lønnstillegg vert oppgjeve med utgangspunkt i full stilling, og utbetalast ved deltidsstillingar forholdsmessig etter stillingsbrøk.

4.7 Godtgjering ved Stedfortreder/konstituering

Stedfortredertillegg vert ikkje gjeve for ferievikariat ved avvikling av den lovfesta ferie. Ved pålagt stedfortredarteneste i ein høgare lønna stilling utover 14 dagar samanhengande, vert det utbetalt den høgare lønn frå første dag når vedkommande overtar heile arbeid – og ansvarsområde. Dersom vedkommande ikkje utfører alle dei arbeidsoppgåvene eller er pålagt heile ansvar som er tillagt stillinga, kan det etter drøftingar med tillitsvalde avtalast ei passande godtgjersle

Ved konstituering (midlertidig tilsetning) i høgare lønna stilling vert det utbetalt lønn som vedkommande ville fått ved opprykk. Dersom vedkommande ikkje utfører alle dei arbeidsoppgåvene eller er pålagt heile ansvar som er tillagt stillinga, kan det etter drøftingar med tillitsvalde avtalast ei passande godtgjersle

5 GODTGJERSLE FOR OVERTID

Definisjon: Pålagt arbeid utover ordinære arbeidstid er overtidsarbeid. Overtidsarbeid skal nyttast minst mogleg. Bestemminga gjeld kun for tilsette i heiltidsstillingar. Deltidstilsette har likevel krav på overtidskompensasjon dersom dei vert pålagt å arbeide ut over det som er fastsett for full stilling pr veke. Deltidstilsette får utbetalt godtgjering for forskjøvet arbeidstid.

5.1 Prosenttillegg for tilsette med dagararbeidstid jfr. pkt. 3.2.1

5.1.1

133⅓ %

For overtidsarbeid utført på helge- og høgtidsdagar, påskeaftan samt etter kl.12:00 på pinse-, jul-, nyttårsaftan og onsdag før skjærtorsdag

5.1.2 100 %

1. For overtidsarbeid utført mellom kl. 21:00 og kl. 06:00. For overtidsarbeid påbegynt før kl. 06.00 som varer fram til arbeidstida startar.
2. For overtidsarbeid på laurdagar og søndagar.
3. For overtidsarbeid utført etter ordinære arbeidstids slutt på dagar før helgedagar.

5.1.3 50 %

For overtidsarbeid utført til anna tid enn nemnt ovanfor.

5.2 Prosenttillegg for arbeidstakarar med skift-/turnusarbeid

5.2.1 133⅓ %

For overtidsarbeid utført på helge- og høgtidsdagar, påskeaften samt etter kl. 12.00 på pinse-, jul-, nyttårsaften og onsdag før skjærtorsdag.

5.2.2 50 %

1. For overtidsarbeid utført dei 2 første timane umiddelbart før det ordinere skift startar.
2. For overtidsarbeid utført dei 4 første timane umiddelbart etter det ordinere skift sluttar.
3. For overtidsarbeid i forbindelse med forskjøvet arbeidstid forskyves tidspunktet for 100% tillegget tilsvarande.

5.2.3 100 %

1. For overtidsarbeid som samanlagt overstig 4 timar utført umiddelbart før eller etter ordinært skift.
2. For overtidsarbeid utført til andre tider enn det som framgår av pkt. 5.2.1 og 5.2.2.

5.3 Forskjøvet arbeidstid

Ved forskjøvet arbeidstid vert det betalt 50% tillegg for den tid som fell utanom vedkommende si ordinære arbeidstid.

Varsel om forskjøvet arbeidstid skal om mogleg gjevast 3 dagar i forvegen, og aldri mindre enn 1 dag i forvegen. Dersom ein arbeidstakar vert pålagt forskjøvet arbeidstid same dag eller natta etter at vedkommande har hatt alminneleg arbeidstid, vert det kompensert som overtid inntil arbeidstida startar neste dag.

5.4 Overtid etter tilkalling

Overtidsarbeid som etter tilkalling ikkje finn stad umiddelbart før eller etter den ordinære arbeidstid, vert godtgjort som om arbeidet varte i minst 2 timar. Dersom arbeidet vert avbrote, vert det ikkje betalt ekstra for nytt overtidsarbeid dersom dette vert påbegynt innanfor dei berekna 2 timar. Elles reknast påbegynt halvtide som halvtide.

6 UTBETALING AV LØNN OG FERIEPENGAR

Utbetaling av lønn skjer via bank den 12. i månaden. Fell lønningsdag på laurdag, søndag, helgedag eller annan fridag i jmf. pkt. 3.2, skal lønna utbetalast siste virkedag før slike dagar. Oppgjørsterminane for variable tillegg fylgjer den ordinære lønn og utbetalast samtidig med den ordinære lønn i etterfylgjande månad.

Feriepengar vert utbetalt i juni månad.

7 SOSIALE BESTEMMELSAR

7.1. LØNN UNDER SJUKDOM, SVANGERSKAP, FØDSEL OG ADOPSJON MV.

7.1.0

Med full lønn etter disse bestemmingane meiner ein all godtgjersle etter oppsett tenesteplan.

Deltidstilsette utbetalast forholdsmessig lønn.

I den lønn som den tilsette får utbetalt, skal det gjerast frådrag for eventuelle ytingar frå folketrygda.

Dersom det er innvilga trygdeytingar for eit tidsrom tilbake der lønn alt er utbetalt, kan arbeidsgjevar for dette tidsrommet krevje overført ein så stor del av ytingane at lønna vert dekkja.

7.1.1

Når ein som er tilsett og har begynt i si stilling i bedrifta er vekke i frå arbeidet med rett til sjukepengar, svangerskapspengar, foreldrepengar ved fødsel og adopsjon, omsorgspengar, pleiepengar og opplæringspengar etter bestemmingane i folketrygdlova, skal vedkommande være sikra ei godtgjersle

tilsvarande full lønn i sin heiltids- eller deltidstilling, utan omsyn til bestemmingane om inntektsbegrensning (G-begrensningen).

Inntektsgarantien gjeld i 3 år for tilsette som er vekke frå arbeidet med rett til pleiepengar og opplæringspengar.

7.1.2

Ein tilsett som har vore heilt arbeidsfør i 1. månad sidan vedkommande sist fekk lønn under sjukdom, har på ny rett til lønn under sjukdom i inntil 3 månadar. Ein tilsett som har vore heilt arbeidsfør i 6 månadar sidan vedkommande sist fekk lønn under sjukdom, har på ny rett til lønn under sjukdom etter 7.1.1.

7.1.3

Tilsett som er gravid og med risikofyllt arbeid og som i samråd med lege eller etter lov/ forskrift er overført til anna arbeid i bedrifta, skal behalde full lønn. Dersom graviditeten medfører at den tilsette midlertidig ikkje kan utføre sitt vanlege arbeid og arbeidet ikkje kan leggst til rette på ein slik måte at det er mogleg med omplassering, har ho utvida rett til permisjon med lønn tilsvarende perioden frå ho fråtrer og fram til det tidspunkt der utbetaling av foreldrepengar startar.

7.2 LØNN UNDER OMSORGSPERMISJON

Tilsett som tek omsorgspermisjon etter bestemmingane i arbeidsmiljølova § 12-3 (1) og (2) skal sikrast 2 veker (10 dagar) fri med full lønn. Permisjonen avviklast normalt i løpet av dei to første veker etter heimkomst.

7.3 OMPLASSERING

Ved omplassering internt i bedrifta grunna helsemessige årsaker, rasjonalisering eller andre grunnar som ikkje skyldast den tilsette sitt forhold, skal den tilsette behalde sin noverande faste årslønn som ei personleg ordning.

Ved yrkesskade skal lønna til ei kvar tid svare til den lønnsutvikling vedkommande ville hatt.

7.4 FORSIKRING PÅ TJENESTEREISER

Bestemmingar om forsikring på tenestereiser og fritid under tenestereiser vert fastsett i lokal særavtale.

7.5 YRKESKADFORSIKRING

7.5.1 YRKESKADE

Tilsette som er ramma av ein yrkesskade/yrkessjukdom og som har fått denne godkjent og fastsett gjennom trygda sitt endelege vedtak, får ei eingongserstatning rekna ut etter folketrygda sitt grunnbeløp på oppgjerstidspunktet.

Bestemmingane gjeld også i de tilfelle ein arbeidstakar blir skada som følge av vald og/eller truslar frå pasient/brukar på fritida og som medfører heil eller delvis arbeids-uførheit eller dødsfall.

Forsikringsselskapet kan kun overprøve trygda sitt vedtak dersom dette sjåast på som openbart urett og forsikringsselskapet vil hevde at vedtaket er ugyldig.

7.5.2 UTGIFTSDEKNING

Dersom ein arbeidstakar vert ramma av ein yrkesskade, skal arbeidsgjevar bære utgiftene ved sjukebehandling og andre nødvendige utgifter forårsaka av yrkesskaden i den utstrekning utgiftene ikkje vert dekkja av det offentlege. I tillegg dekkes vesentlege saks-omkostningar som har vore avgjerande for å få endra vedtaket til gunst for arbeidstakar.

7.5.3 GODTGJØRELSE

En arbeidstakar som ikkje kan utføre sitt arbeid som følge av yrkesskade, og har rett til sjukepengar ved yrkesskade frå folketrygda, har rett til tenestefri med full lønn uavhengig av folketrygda si inntektsbegrensning (jf ftrl. § 8-55, bokstav f). Det kan gjevast ytterlegare tenestefri med lønn dersom det er grunn til å anta at vedkomande innan rimeleg tid kan gjenoppta sitt arbeid eller overførast til annan stilling. Det er en forutsetning at utbetalinga ikkje fører til bortfall av ytingar frå trygda.

7.5.4 SKADE PÅ REISE

Tilsvarende erstatning som ytes etter punkta 7.1 til 7.10 vert utbetalt når arbeidstakaren vert skada ved ulukke på direkte ordinær reise mellom heim og arbeidsstad og på godkjent tenestereise.

7.5.5 TAP I FRAMTIDIG ERVERV

Ved yrkesskade/yrkessjukdom som fører til ervervs messig uførheit på 100 %, vert erstatningssummen sett til 15 G. Erstatninga vert redusert forholdsmessig dersom den ervervsmessige uførheit er lågare.

7.5.6 MENERSTATNING

Ved varig medisinsk invaliditet på minst 15 % ytes i tillegg menerstatning på følgande måte:

15-29 % medisinsk invaliditet -

1 G

30-70 % medisinsk invaliditet -

2 G

Over 70 % medisinsk invaliditet

- 3 G

7.5.7 DØD

Når yrkesskade/yrkessjukdom medfører død, utbetales et beløp på 15 G til de etterlatte som definert i pkt 7.8.3.

7.5.8 SAMORDNING AV YTELSE R VED DØDSFALL, YRKESSKADE OG REISER

Den samla erstatning til de etterlatne kan ikkje overstige 18 G.

7.5.9 SAMORDNING AV REGLENE MED LOV OM YRKESSKADEFORSIKRING

I dei tilfelle lov om yrkesskadeforsikring fører til høgare erstatning enn etter reglane i punkt 7.1 til 7.8 ved erstatningsutmålinga, vert erstatning utbetalt etter lova. Dersom erstatninga etter ovannemnte bestemningar er høgare enn etter lov om yrkesskadeforsikring, vert differansen utbetalt i tillegg til utbetaling etter lova.

7.5.10 FORSIKRING

Verksemda plikter å teikne forsikring til dekking av ovannemnte ytingar.

7.6 GRUPPELIVSFORSIKRING

7.6.1 ETTERLATTE

For arbeidstakar som er tilsett i verksemda, utbetalast ved dødsfall eit eingongsbeløp til etterlatte jf. pkt 8.3. I tillegg skal etterlatte etter arbeidstakar som dør innan ett år etter påbegynt permisjon eller 2 år etter overgang til uføretrygd, og som ikkje har hatt annet ordinært arbeid i perioden være omfatta. Etterlatte etter arbeidstakar som har omsorgs-permisjon utan lønn er også omfatta av bestemminga.

7.6.2 DEKNING

Beløpet fastsettes slik

<i>Under</i>	51 år:	10 G	
	51 år	9,5 G	
	52 år	9,0 G	57 år 6,5 G
	53 år	8,5 G	58 år 6,0 G
	54 år	8,0 G	59 år 5,5 G
	55 år	7,5 G	Over 59 år 5,0 G
	56 år	7,0 G	(G = grunnbeløpet i
			folketrygden)

7.6.3 FORSIKRINGSSUMMENS BEGUNSTIGELSE

Forsikringssummen utbetalast i slik rekkefølge (ugjenkalleleg begunstiga i den rekkefølge de er nemnt):

A: Avdøde sin ektefelle (*sjå bokstav C*).

B: Samboar (*sjå bokstav C*).

C: Barn under 20 år. Desse skal ha utbetalt minst 40 % av erstatningsbeløpet sjølv om det er erstatnings berettiga ektefelle eller samboar.

D: Andre personar som for en vesentleg del bli forsørgra av avdøde. Forsørging vert basert på om skattefrådrag ved siste skattelikning er gitt.

7.6.4 SAMBOER

Som samboar reknast person som har felles bopel og felles barn med arbeidstakaren, eller som kan dokumentere at samboarforhaldet har bestått i de siste 2 år. Dette gjeld ikkje dersom det på det tidspunktet forsikringstilfellet vart gjeldande, låg føre tilhøve som var til hinder for at lovleg ekteskap kunne verte inngått.. Likt med ekteskap etter denne bestemminga reknast registrert partnerskap etter lov av 30.4.1993.

7.6.5 BEGRAVELSESBIDRAG

Om det ikkje finnes etterlatne som nemnt ovenfor, utbetales 1,5 månedslønn, dog minst 1/2 G, til dødsboet.

7.6.6 FORSIKRING

Verksemda plikter å teikne forsikring til dekking av ovanfor nemnde ytingar.

7.7. FERIE

Partane er einige om at feriepengar for tilsette i bedrifta kan betalst ut i juni månad i ferieåret, jfr. ferieloven § 11 (1). Dette gjeld også dersom deler av ferien vert forskottert eller overført.

7.8 ARBEIDSTIDSFORKORTELSEN PR.01.01.87

Arbeidstidsforkortelsen pr.01.01.87 vert vidareført

